

## Protonsenteret ved Haukeland universitetssjukehus



Protonsenteret skal byggas i Haukelandsbakken rett over Ulriksbanen sin nedre stasjon. Illustrasjon: Arkitema Architects

### Vi er i gang på protontomta

**Parkeringshuset er borte på protontomta i Haukelandsbakken. No startar arbeidet med å sprengje tunnel- og heissjakt til Sentralblokka.**

Sidan oppstart i desember er parkeringsdekket reve ned, og massane er transportert bort.

- I tida rundt jul og nyttår vart det også gjort mykje sikringsarbeid i fjellet over tomta for å sikre ein trygg arbeidsplass for handtverkarane. Dette arbeidet har medført mykje støy. Det er berre å beklage at støygjerdet ikkje var på plass til fastsatt tid, seier prosjektleiar i Helse Bergen, Lars-Petter Smidt.

Det er gjennomført ei rekke tiltak for å sikre miljø- og trafiktryggleik:

- Fartsgrensen er satt ned til 30 km/t i heile Haukelandsbakken
- Det er etablert gangfelt inn til barnehagen
- Det er montert fartsdumpar på begge sider av gangfeltet
- Alle kjøretøy tilhøyrande prosjektet som skal rygge utanfor byggeplassen har med eigen hjelpeperson for å sikre at farlege situasjonar ikkje oppstår.

- Det er montert støygjerde mellom Haukelandsbakken 44 og 46. Dette skulle vært montert tidlegare, men vart forsinka.
- Støvande masser vert gjort våte for transport slik at dei skal støve minst mogeleg.

#### Startar sprenging mot Sentralblokka

Første sprenging for å bygge tunnel og heissjakt til Sentralblokka starta i veke 5. Arbeidet vil medføre støv og rystingar.

- *Når på dagen vil sprengingane skje?*
- Foreløpig er det ikkje fastlagt noko fast tidspunkt for sprengingane, men vi skal holde oss unna sovetida i barnehagen.

#### *- Kor lenge skal arbeidet halde på?*

- Sprengingsarbeidet med grunnen vil gå frem til sommaren 2021. Etter det vil det være sprengingar i tunnelen som vi skal bygge. Denne skal være ferdig på hausten 2021.

#### Varsling


Alle sprengingane vert varsla med sirene. Varsling på sms kan du få ved å sende ein melding til:

- Tlf: 93664318 eller
- Epost: [leigland@sartormaskin.no](mailto:leigland@sartormaskin.no)

Då vil du få ein sms 10-15 min før sprenging.

Film frå det første arbeidet på tomta:

<https://vimeo.com/503488265>



## Aktivitet på byggeplassen vår 2021

### Januar

- Veke 4: Sprengingsarbeidet starter
- Frå veke 4: Transport av sprengstein

### Februar

- Sprengingsarbeid på tomta
- Sikringsarbeid i fjellet over tomten fortset
- Tilrettelegging for tunnelinnslag
- Etablering av trafo for byggestrøm nord for bolegblokkane

### Mars

- Sprenging og bortkjøring av stein
- Sprenging av tunnel

## Kontakt oss

Har du spørsmål om protonsentret?

- Bruk [helse-bergen.no/proton](https://helse-bergen.no/proton) (for illustrasjonar, filmar, nyhende og meir kontaktinfo)
- Kontakt oss på [protonsentet@helse-bergen.no](mailto:protonsentet@helse-bergen.no)
- Meld deg på [nyhetsbrev](#) (via nettsida eller epostadressa over)

